
Saksnr: 2022/98443-1
Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		19.01.2023

Sektorbudsjett 2023 for kultur og idrett - oppfølging av budsjettvedtak i PS 127/2022 i Fylkestinget

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering legg til grunn Fylkestinget sitt vedtak i «PS 127/2022: Budsjett 2023 / økonomiplan 2023-2026. Arbeidsdokument 5/22» behandla i møte 14. desember 2022.
2. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vedtar sektorbudsjett 2023 for kultur og folkehelse slik det ligg føre i saka og med grunngevingane lagt fram i vedlegget, med følgande endring:

Følgende økes opp til:

- 210 000 til Sentralbadet Litteraturhus (økning på 210 000)
- 1 080 000 til Cornerteateret (Teaterdrift AS) (økning på 100 000)
- 310 000 til Fri Bergen og Hordaland (økning på 45 000)
- 203 000 til Stiftinga Balejazz (økning på 50 000) Følgende reduseres til: - 5 300 000 til «Stønad etter vedtak» (reduksjon 310 000)
- 835 000 til «Inkludering og mangfald – utlysing av prosjektstøtte» (reduksjon 45 000)
- 7 150 000 til Kulturelt Utviklingsprogram (reduksjon 50 000)

Endringa til Sentralbadet Litteraturhus er grunna at Sentralbadet litteraturhus er eit viktig litteraturhus utanfor Bergen, og er eit viktig supplement innanfor litteraturfeltet i Hardanger og Vestland. Det har såleis ein viktig regional funksjon for litteraturfeltet i fylket. Dette er same tilskot Sentralbadet litteraturhus fekk i 2022, med ei liten justering for prisvekst. Reduksjonen til «Stønad etter vedtak» skal ikkje ramme løyvinga til Magnus Lagabøtejubileet.

3. Hovudutvalet er merksam på at tilskotsordninga «Stønad etter vedtak» bør oppjusterast tilbake til minimum fylkesdirektøren si foreslåtte ramme (ekskludert auka til Magnus Lagabøtejubileum), eller auke ramma til KUP, ved budsjettet i 2024. Inndekning må gjerast innanfor ramma. Tilskotet til Sentralbadet litteraturhus skal ikkje reduserast.
4. Hovudutvalet er uroa for den økonomiske stoga til Cornerteateret (Teaterdrift AS). Utvalet oppmodar Cornerteateret til å søke offentlege og private midlar, og auke eigeninntektene, for å løyse utfordringane.
5. Hovudutval for kultur idrett og inkludering, ber om sak om Den Kulturelle Spaserstokken.

Samandrag

Fylkestinget vedtok i møte 14. desember 2022 PS 127/2022: Budsjett 2023 / økonomiplan 2023-2026. Arbeidsdokument 5/22.

I tillegg til fylkesdirektør sitt forslag til budsjett 2023, vedtok fylkestinget følgende tilleggsøyvingar for sektoren:

Kultur og folkehelse	Løyving	Varig	Eingong
Stord Ishall	15 000 000	-	15 000 000
Moster 2024	8 000 000	-	8 000 000
Sunnhordland museum	2 000 000	-	2 000 000
Vektløftar VM 2025, Førde	7 000 000	-	7 000 000
Prisjustering faste tilskot	2 750 000	2 750 000	-
Astruptunet, planlegging mm	1 500 000	-	1 500 000
KODE (p.g.a statleg auke)	1 000 000	1 000 000	-
Bergen Nasjonale Opera	1 800 000	-	1 800 000
Grieg kvartalet	1 500 000	-	1 500 000
Kirkens bymisjon	340 000	-	340 000
Språkkonferanse Nynorskhuset Førde	200 000	-	200 000
Trond Mohn Games 2023	1 000 000	-	1 000 000
Tour of Norway	500 000	-	500 000
Friluftsråda	2 600 000	2 600 000	-
Mobile bibliotektenester	1 200 000	1 200 000	-
Litteraturhuset Bergen	1 000 000	1 000 000	-
Tilskot til idrettsarrangement	500 000	500 000	-
Robin Hood-huset	800 000	-	800 000
Bergen Nasjonale Veteranskipshavn (drift)	1 000 000	-	1 000 000
Raftohuset	500 000	500 000	-
Oppfølging folkehelseplan	1 000 000	-	1 000 000
Samla	51 190 000	9 550 000	41 640 000

Avdelingsdirektør legg fram forslag til sektorbudsjett for 2023 med endringar og fordeling av driftstilskot for sektoren i tråd med tilleggsøyvingane vedtatt av Fylkestinget.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Odd Kenneth Mellingen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oversyn grunngjevingar - søknadar driftstilskot 2023
- 2 Grunngjeving og tildeling 2023 tilskot regionale kulturarenaer

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i møte 14. desember 2022 PS 127/2022: Budsjett 2023 / økonomiplan 2023-2026. Arbeidsdokument 5/22.

I tillegg til fylkesdirektør sitt forslag til budsjett 2023, vedtok fylkestinget tilleggsløyvingar for sektoren på samla 51,119 mill. kr fordelt på varige løyvingar 9,55 mill. kr og eingongsløyvingar 41,64 mill. kr for 2023.

Avdelingsdirektør har innarbeidd tilleggsløyvingane i budsjettet og utarbeidd eit meir detaljert budsjett for sektoren. I forslaget til endeleg budsjett 2023 er drifta, alle tilskotsordningar og driftstilskot til enkeltmottakarar på løyvingsnivåa tatt med.

Brutto budsjett 2023 samla for sektoren vert på 794 126 000 kr.

Netto budsjett på 401 618 000 kr.

Sektorbudsjett 2023 – Kultur og folkehelse

1. Sektorbudsjett – løyvingsnivå

Løyvingsnivå		Budsjett 2022 revidert	Budsjett 2023
Arkiv	Brutto driftsutgifter	9 563	9 888
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	9 563	9 888
Bibliotek og kulturformidling	Brutto driftsutgifter	71 383	74 804
	Driftsinntekter	-37 869	-39 079
	Netto driftsutgifter	33 514	35 725
Fysisk aktivitet og inkludering	Brutto driftsutgifter	299 739	352 228
	Driftsinntekter	-243 406	-255 806
	Netto driftsutgifter	56 333	96 422
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	196 512	210 189
	Driftsinntekter	- 84 698	- 91 538
	Netto driftsutgifter	111 814	118 651
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	132 363	138 233
	Driftsinntekter	-6 085	-6 085
	Netto driftsutgifter	126 279	132 148
Administrasjon av kultur og idrett	Brutto driftsutgifter	8 077	8 783
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	8 077	8 783
Sum sektor	Brutto driftsutgifter	717 637	794 126
	Driftsinntekter	-372 058	-392 508
	Netto driftsutgifter	345 580	401 618
	Netto driftsutgifter i 2023-kr	357 511	401 618

2. Omtale av løyvingnivåa

Arkiv

Arkiv	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. Arkiv	9 257	9 350
Digital infrastruktur	254	538
Netto driftsutgifter	9 511	9 888
Sum driftsinntekter	0	0
Netto driftsutgifter	9 511	9 888
Netto driftsutgifter 2023-kr	9 812	9 888

Prioriteringar

I 2023 skal ein styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar.

Så lenge arkiva er fysiske, og brukarene er fordelt over eit stort geografisk område, er det nødvendig med utstrekt reising for å levere gode tenester med innhenting av arkiv, og rettleiing og formidling. Det vil vere stort behov for desse i 2023.

På digital infrastruktur er ei monaleg auke knytt til kostnader for lisensar til løysingane Fotoware, Kulturhistorisk leksikon/Grind, heimesider og Asta. Utgifter til utvikling og vedlikehald ligg til adm.arkiv. I framtidige budsjett vil behovet for utviklingsmidlar og midlar til feilretting og mindre og større justeringar auke.

Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune har ansvar for at arkiva i vert tekne vare på og formidla som del av den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen. I tillegg til fylkeskommunale arkiv gjeld dette private- og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

Innsparing:

Reduserte driftskostnader på kr 51 873.

Verknadar

Reduksjonen i budsjettposten medfører at høve til naudsynte reiser og høve til kontakt med brukarane kan bli svekka.

Bibliotek og kulturformidling

Bibliotek og kulturformidling	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm.	20 245	20 084
Bibliotekprosjekt	1 350	2 550
Tenester til bibliotek	4 000	5 323
Den kult. Spaserstokken	3 980	4 245
Distriktsmusikarordninga	4 462	4 763
DKS – spelemidlar	35 607	35 899
Ung Kultur Møtast (UKM)	1 740	1 940
Sum brutto driftsutgifter	71 383	74 804
Sum brutto driftsinntekter	-37 869	-39 079
Netto driftsutgifter	33 515	35 725
Netto driftsutgifter 2023-kr	34 748	35 725

Prioriteringar:

Bibliotekprosjekt

Auke følgjer av fylkestinget sitt vedtak om tilleggsløyving på 1 200 000 kr til mobile bibliotektenester i budsjettet for 2023.

Tenester til bibliotek

For å styrkje posten er det overført 150 000 kr frå administrasjon til tenester til bibliotek.

Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer transportordninga som sikrar demokratisk tilgang til bøker og andre media for alle innbyggjarar i fylket. Tenesta vil gje meirkostnad for 2023 og er vedtatt å halde fram (PS 118/2022). Fylkeskommunale midlar til ordninga er styrka med kr 140 000 i 2023.

Det er eit vedtatt mål at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til konsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020) i biblioteka. Fylkeskommunale midlar til konsortiet styrka med kr 50 000 for 2023.

Driftsinntekter:

Auka pris for transportordninga gjev auke i driftsinntektene fylkeskommunen får inn frå kommunane. Konsortiet for e-media har gått inn for at kommunane skal nytte ein større del av mediebudsjettet til e-media. Desse midlane blir disponert av fylkeskommunen på vegne av konsortiet og fører til ytterlegare auke i driftsinntekter.

Innsparing:

Reduksjon på kr 344 079. Av dette er kr 288 800 stillingsreduksjon og kr 55 279 drift.

Den kulturelle spaserstokken

Løyvinga har vore uendra sidan fylkessamanslåinga. Gruppa eldre i befolkninga aukar, og det er behov for å styrkje kulturtilbodet til denne målgruppa. Budsjettposten vert auka med 263 64 kr i 2023.

Distriktsmusikarordninga

Budsjettposten vart auka med 500 000 i 2022. Auken skulle dekkje fylkeskommunal refusjon (25 prosent refusjon) til tre distriktsmusikarstillingar i andre halvår 2022 samt styrkje eksisterande ordning. Budsjettposten er auka med 300 000 kr i 2023 for å dekkje fylkeskommunal del av tre distriktsmusikarstillingar gjennom heile året.

Ung kultur møttest (UKM)

Det er eit mål at UKM skal byggast ut som eit heilårleg tilbod til ungdom i heile fylket i eit samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og UKM Norge. Løyvinga til UKM har stått stille sidan fylkessamanslåinga. Budsjettposten er auka med 200 000 kr i 2023.

Innsparing

Rammereduksjon vert samla på kr 819 770 kr i driftskostnadar. Av dette utgjer bortfall av stilling 800 000 kr.

Oppgåver og tenesteproduksjon

Bibliotek

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023 og regional kulturplan.

Fylkeskommunen arrangerer kurs og kompetansehevande tiltak for bibliotektilsette i fylket, og gjennomfører utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer ei transportordning mellom biblioteka i fylket, i tillegg til eit konsortium for digitale tenester. Fylkeskommunen gjev råd til kommunane som bibliotekteigarar og yter fagleg rettleiing og assistanse på bibliotekområdet. Det er to tilskotsordningar på bibliotekfeltet.

Kulturformidling

Gjennom ordninga *Den kulturelle spaserstokken* får kommunane tilskot til profesjonelle kunst- og kulturtiltak for eldre. Fylkeskommunen forvaltar ordninga, stimulerer til erfaringsdeling og samarbeid, og knyter ordninga til *fagområdet kultur og helse*.

Fylkes- og distriktsmusikarordningane skal styrkje det profesjonelle og frivillige musikklivet. Distriktsmusikarordninga er oppretta for å sikre tilgang til profesjonelle musikk-krefter i alle delar av fylket. Ordninga er vedteke vidareutvikla og utvida, jf. PS 130/2020 i Hovudutval for kultur, idrett og integrering og PS 109/2021 i Fylkestinget. Målet er i første omgang tre nye distriktsmusikarstillingar.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å leggje til rette for og formidle kunst- og kulturtilbod til barn og unge gjennom *Den kulturelle skulesekken (DKS)*. Fylkeskommunen forvaltar ordninga, og programmerer DKS-tilbodet til grunnskulane (med unntak av skulane i Bergen) og til dei vidaregåande skulane i fylket.

Ung kultur møttest (UKM) er ein kulturarena for ungdom. Fylkeskommunen følgjer opp og stimulerer til aktivitet i kommunane, arrangerer fylkesfestivalar og deltek på landsfestivalen med ungdommar som kjem vidare.

Fysisk aktivitet og inkludering

Fysisk aktivitet og inkludering	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon	11 570	16 324
Folkehelsearbeid		5 908
Nasjonale folkehelseprogram (statleg ordning)		12 400
Tilskot mentor- og traineeordning for innvandrarar	1 020	1 020
Tilskot spelemidlar	236 906	236 906
Tilskot til etablereropplæring for innvandrarar	630	630
Tilskot til friluftsarbeid	10 880	13 898
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	6 500	6 500
Tilskot til idrettsarbeid	16 484	40 852
Tilskot til idrettsprosjekt	2 160	2 160
Tilskot til inkludering og mangfald	3 789	5 831
Tilskot til jobbsjansen del B	9 800	9 800
Sum brutto driftsutgifter	299 739	352 229
Sum brutto driftsinntekter	-243 406	-255 806
Sum netto driftsutgifter	56 333	96 423
Netto driftsutgifter 2023-kr	58 473	96 423

Tilskot til idrettsarbeid

Idrettsarbeid	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Berekraftig anleggsutvikling	400 000	200 000
Bergen Swim Festival	0	55 000
E-sportstrategi	205 000	310 000
Vestland E-sport	500 000	500 000
Heider til OL/VM medaljørar	100 000	100 000
Investeringstilskot anlegg for større meisterskap	3 000 000	3 000 000
Stord Ishall		15 000 000
Idrettsklynge Vest	1 726 000	1 726 000
Lokal mobilisering mot doping	477 400	246 000
Nyskapande aktivitetsarena	2 250 000	2 620 000

Olympiatoppen Vest	816 000	855 000
Stiftinga Ekstremer Voss	102 000	115 000
Stiftinga Solhovden	153 000	155 000
Store meisterskap	500 000	1 000 000
Vektløftar VM 2025, Førde		7 000 000
Trond Mohn Games		1 000 000
Tour of Norway		500 000
Tilskot skianlegg for langrenn og turlangrenn	500 000	500 000
Utviklingsstipend	400 000	400 000
Vestland idrettskrets	5 355 000	5 570 000
Sum brutto driftsutgifter	16 484 400	40 852 000

E-sport og gaming

Vestland har teke ei nasjonal rolle i utviklinga av e-sport og gaming. I 2022 vart tilskot til modellar for lokale breiddetilbod lyst ut for første gong som del av oppfølginga av E-sportsstrategi for Vestland fylkeskommune. Det er stort behov for stimuleringsmidlar i kommunane og ordninga vert styrkja frå 205 000 kr til 310 000 kr for 2023.

Store meisterskap

Idrettslag, særforbund og skyttarlag kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap. Det har vore vesentleg underdekning på denne tilskotsordninga dei siste åra. Fleire aktørar i Vestland er tildelt nasjonale og internasjonale meisterskap i 2023 og i åra framover. Fylkestinget vedtok å auke tilskotsordninga med 500 000 kr for 2023. I tillegg vart det løyvd 7 mill. kr i eingongstilskot til VM i Vektløfting i 2025, 1 mill. kr til Trond Mohn Games og 500 000 kr til Tour of Norway. Vilkår for tildeling til store meisterskap skal også vere gjeldande for ekstraløyingane.

Investeringstilskot til idrettsanlegg

Vestland fylkeskommune kartlegg strategiske viktige idrettsanlegg i Vestland i samarbeid med idrettskretsen og kommunane. Arbeidet vert ferdig våren 2023 og gjev grunnlag for prioritering av strategisk viktige anlegg. I budsjett 2023 er det avsett 3 mill. kr til investeringstilskot til idrettsanlegg spissa mot større arrangement.

Fylkestinget løyde 15 mill. kr i investeringstilskot til Stord ishall.

Nyskapande aktivitetssanlegg

Vestland fylkeskommune driv eit nasjonalt pilotarbeid der kunnskap og brei medverknad skal byggje dei nyskapande og inspirerande møteplassane for fysisk aktivitet. Det er vedteke å forlenge prosjektet med to nye utlysingar i 2023 og 2024. Evaluering og FoU arbeid er avgjerande å utvikle ny kunnskap, og budsjettposten vert auka med 364.000 kr i 2023. Postane berekraftig anleggsutvikling og lokal mobilisering mot doping vert reduserte.

Idrettsprosjekt	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Konferansar/kompetanse	160 000	160 000
Tilskot lågterskel fysisk aktivitet barn og ungdom	2 000 000	2 000 000
Sum brutto driftsutgifter	2 160 000	2 160 000

Friluftsliv	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Arboretet på Milde	220 000	228 000

Bergen og Hordaland turlag	930 000	970 000
Bergen og Omland Friluftsråd	2 225 000	3 750 000
Dagsturhytter og ro- og padleruter	1 600 000	1 600 000
Fjordane friluftsråd	510 000	1 016 000
Fleire kommunar med i eit friluftsråd	450000	450 000
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	160 000	160 000
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	210 000	217 000
Friluftslivet sitt hus i Hordaland	155 000	165 000
Friluftsrådet Vest	725 000	1 360 000
Haugesund turistforening	45 000	50 000
Norges Jeger- og Fiskeforbund Hordaland	150 000	160 000
Norges Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane	150 000	150 000
Sogn og Fjordane turlag	400 000	500 000
Tilskot friluftslivets ferdselsårer	1 000 000	1 000 000
Tilskot friluftslivsaktivitet (statleg ordning)	2 500 000	2 500 000
Tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde (statleg ordning)	4 000 000	4 000 000
Turløyper på Kvamskogen	50 000	52 000
Vestkystparken	1 900 000	2 070 000
Sum brutto driftsutgifter	17 380 000	20 398 000
Sum brutto driftsinntekter	-6 500 000	-6 500 000
Netto driftsutgifter nominelt	10 880 000	13 898 000

Tilskot til friluftsliv

Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for samarbeid om friluftslivsområde langs kysten i Rogaland og Vestland. Fjordane Friluftsråd fekk i 2021 etablert skjergardsteneste. Frå 2022 vart midlane til denne skjergardstenesta fordelt via Vestkystparken jf. føringar frå Miljødirektoratet. Dette gir eit meirbehov på 100 000 kr til Vestkystparken i 2023, øymerka Fjordane Friluftsråd. Kostnaden vert finansiert innafor ramma tilskot til friluftsarbeid.

Friluftsråda

Nedgang i dei statlege tildelingane til tilrettelegging, i kombinasjon med generell prisauke, gjer økonomien i friluftsråda krevjande. Kommunane har auka sine bidrag, og fylkestinget vedtok ei varig auke i driftstilskotet til friluftsråda med 2.6 mill kr. Midlane vert fordelte på basis av søknadsbeløp for 2023, eit grunnbeløp til kvart friluftsråd og innbyggartal i medlemskommunane. I 2023 får Fjordane Friluftsråd 100 000 kr i ekstra støtte til sitt arbeid med skjergardstenesta frå Vestkystparken.

Turlag

I 2022 søkte Sogn og Fjordane Turlag driftsstøtte på same nivå som tildelt i 2021, og fekk såleis ikkje indeksjustert tilskotet. Driftstilskot til Sogn og Fjordane Turlag vert auka med 100 000 kr til 500 000 kr.

Dagsturhytter og ro- og padleruter

56 dagsturhytter er på plass i Vestland. Bergen kommune har vedteke å etablere dagsturhytte og det vert sett av tilskot på 200 000 kr i 2023.

I 2022 var det oppstart av ro- og padleprosjektet i samarbeid med kommunane, friluftslivsorganisasjonar og Norges Padleforbund. 24 av kommunane i Vestland fekk tilskot til å kartlegging og gradere ro- og padleruter. Det blei og løyvd tilskot til tilretteleggingstiltak. Fleire kommunar ønskjer å bli med i arbeidet frå 2023, og posten er vidareført i 2023.

Tilskot til inkludering og mangfold	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Bergen Døvesenter	300 000	315 000
FN-sambandet i Norge	100 000	108 000
*FRI Bergen og Hordaland	300 000	310 000
Kirkens SOS	300 000	315 000
Raftostiftelsen	459 000	970 000
Stiftelsen Kirkens Bymisjon (helsesenter for papirlause)	350 000	1 018 000
Stiftelsen Robin Hood-huset	200 000	1 008 080
Minnemarkering ettertankens dag	50 000	52 000
Vestland innvandrerråd	850 000	900 000
*Inkludering og mangfold – utlysning av prosjektstøtte	880 000	835 000
Sum brutto driftsutgifter	3 739 000	5 831 080

***Endring KULII 19.01.23** - Tilskot til inkludering og mangfold nedtrekk på 45 000 kr og auke Fri Bergen og Sogn og Fjordane med 45 000 kr då det stod 265 000 i utkastet.

Tilskot til inkludering og mangfold

Stiftelsen Kirkens Bymisjon gjer ein viktig jobb m.a. som helsesenter for papirlause migrantar. Driftstilskotet vert styrka med 328.000 kr. I tillegg har fylkestinget løyvd 340.000 kr til helsesenter for papirlause for 2023.* Fylkestinget vedtok eingongsløyving på 800 000 kr til Stiftelsen Robin Hood-huset i 2023.

*I tillegg ligg ekstra løyving på 500.000 kr til tannhelsepilot i budsjettet til tannhelsetenesta for 2023.

Folkehelse	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Folkehelsearbeid	4 908 000	5 908 000
Nasjonale folkehelseprogram (statleg ordning)	12 400 000	12 400 000
Sum brutto driftsutgifter	17 308 000	18 308 000
Sum brutto driftsinntekter	- 12 400 000	- 12 400 000
Sum netto driftsutgifter	4 908 000	5 908 000

Folkehelsearbeid

Fylkeskommunale midlar skal sikre gjennomføring av dei lovpålagde oppgåvene fylkeskommunen har, mellom anna ved å støtte opp om eige og kommunane sitt folkehelsearbeid, og setje retning for samfunnsutviklinga, samt samordne folkehelsearbeidet i fylket. Rammene for folkehelsesatsinga er handlingsprogram for folkehelse 2022–2025, med styrka satsingar på nettverk, brei kunnskapsinnhenting som grunnlag for framtidige tiltak, styrke kommunane sitt folkehelsearbeid og universell utforming. Budsjettposten inneheld også ei tilskotsordning til kommunane.

Fylkestinget løyvde 1 mill kr. til oppfølging av Handlingsplan for folkehelse. Midlane er knytt til vidare utvikling av tiltak 1.10 (kartlegge fylkeskommunen sine verkemiddel for aldersvenleg samfunnsplanlegging og tenesteutvikling, og utvikle rammer for planlegging av Vestland som aldersvenleg fylke), 1.11 (utarbeide ein tilstandsrapport over Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming) og 2.28 (samordne kunnskapsgrunnlag for førebygging av sjølv-mord). I tillegg foreslår avdelingsdirektør å styrke ordninga «*Tilskot til etablering og utvikling av kommunale friskliv-, læring og meistringstilbud*» for 2023. Dette er ei etablert ordning som gjer det mogleg å styrke innsats retta mot familiar, barn og unge, psykisk helse og fysisk aktivitet.

Kulturarv

Kulturarv	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. Kulturarv	28 322	28 125
Arkeologisk registrering	7 055	10 128
Vern av kulturminne	78 600	85 015
Ålmenne kulturvernforemål	7 592	8 028
Museum	74 943	78 893
Sum brutto driftsutgifter	196 512	210 189
Sum brutto driftsinntekter	-84 698	-91 538
Netto driftsutgifter nominelt	111 814	118 651
Netto driftsutgifter 2023-kr	115 951	118 651

Oppgaver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekkje statlege og regionale oppgaver innanfor kulturminnevernet. Mellom desse er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre.

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke drifta av institusjonane.

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklare om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne. Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke kostnadene med desse registreringane.

Innsparing :

Del av innsparingsprogram vert føreslege dekt gjennom reduksjon i driftskostnadene.

Arkeologisk registrering

Tenesta har ut frå erfaringstal vore underfinansiert og vert styrka for gå i balanse. Jf. vedtak i KULLI 28.04.22 i PS 58/2022 vert forventa inntekter justert og drifta av tenesta balansert i høve etterspurnad. Tenesta er styrka med to stillingar lokalisert til Stord.

Museum og ålmenne kulturvernforemål

Museum	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Museumsløft 2023	1 423 864	1 500 000
Bygningsverntenesta ved musea	2 121 857	2 196 122
Fartøyvern ved musea i Vestland (Savos)	1 571 053	1 626 040
Stiftelsen Baroniet Rosendal	1 652 159	1 709 985
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	8 472 359	8 768 892
Stiftelsen KODE – kunstmuseer og komponisthjem	5 354 881	6 542 302
Stiftelsen Museum Vest	9 515 612	9 848 658
Stiftinga Hardanger og Voss museum	12 023 178	12 743 989
Stiftinga Kraftmuseet – Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	1 456 966	1 507 960
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	15 803 960	16 357 099
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	11 177 076	11 568 274
Stiftinga Nynorsk kultursentrum – Olav H. Haugesenteret	1 127 803	1 167 276
Stiftinga Sunnhordland museum	3 242 555	3 356 044

Sum brutto driftsutgifter	74 943 323	78 892 640
Sum driftsinntekter museum (Savos)	-780 000	-813 020
Netto driftsutgifter nominelt	74 163 323	78 079 620

Musea får 3,5 % indeksjustert driftstilskot i 2023, og Museumsløft 2023 vert styrka. Driftstilskot på 549 030 kr til bygningsverntenesta ved musea vert fordelt til kvar av dei fire bygningsvernrådjevartstillingane. Fylkestinget har vedteke styrking av driftstilskotet til KODE med 1 mill. kr. Fylkestinget vedtok 21.06.2022 i sak 41/2022 å auke driftstilskotet til Hardanger og Voss Museum med 300 000 kr for 2022. Budsjettjusteringa vart finansiert som eingongstiltak. For å gjere driftstilskotet varig vert Hardanger og Voss Museum styrka med 0,3 mill. kr i 2023 innanfor vedteke ramme.

Ålmenne kulturvernforemål	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	1 676 068	1 801 054
Stiftinga Oselvarverkstaden	1 624 000	1 806 480
Gulatinget	1 141 875	1 314 713
Utviklingsstipend i tradisjonshandverk	50 000	50 000
Verdiskaping på kulturminneområdet	300 000	400 000
Regionalparkane i Vestland	1 000 000	1 035 000
Selje pilegrimsenter	300 000	310 500
Bergen pilegrimsenter	300 000	310 500
Bergen Nasjonale Veteranskipshavn		1 000 000
Fjordsteam	1 200 000	0
Sum netto driftsutgifter	7 591 943	8 028 247

Det frivillige kulturvernet vert styrka gjennom ei rammeauke i driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne. Driftstilskot til Oselvarverkstaden og Gulatinget vert forslått auka for å fylgje opp avtalefesta kostnadsdeling med kommunane. For deltaking i den nasjonale satsinga på Den Trondhjemske Postveg er posten verdiskaping på kulturmiljøområdet styrka. Kulturvernorganisasjonar får 3,5 % indeksjustert driftstilskot i 2023. Driftstilskot på 1 mill. til Bergen Nasjonale Veteranskipshavn er eit nytt tiltak som fylkestinget har prioritert i 2023.

Vern av kulturminne	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Tilskot til verdsarven	21 000 000	20 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy (Savos)	3 000 000	3 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	14 200 000	18 500 000
Tilskot til profane mellomalderbygg	1 500 000	1 365 000
Tilskot til brannsikring av verneverdige trehusmiljø	600 000	1 700 000
Tilskot til mellomalderruinar	3 800 000	5 000 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	22 750 000	21 650 000
Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10 050 000	12 100 000
Tilskot til verna kulturminne i Vestland	1 700 000	1 700 000
Sum brutto driftsutgifter	78 600 000	85 015 000
Tilskot til verdsarven	-21 000 000	-20 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy (Savos)	-1 500 000	-1 500 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-14 200 000	-18 500 000
Tilskot til profane mellomalderbygg	-1 500 000	-1 365 000
Tilskot til brannsikring av verneverdige trehusmiljø	-600 000	-1 700 000
Tilskot til mellomalderruinar	-3 800 000	-5 000 000
Tilskot til verna kulturminne i Vestland	-10 050 000	-12 100 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-22 750 000	-21 650 000

Sum refusjonar	-75 400 000	-81 815 000
Sum netto driftsutgifter	3 200 000	3 200 000

Regionale tilskot (netto driftsutgifter) vert tilrådd som nominell vidareføring i budsjettet for 2023 samanlikna med 2022.

Kulturutvikling

Kulturutvikling	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. Kulturutvikling	6 760	7 013
Språkkonferanse Nynorskhuset Førde		200
*Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 200	7 150
Kunststusjonar	52 189	55 739
*Stønad etter vedtak	4 210	5 300
Tilskot kulturhus	26 421	25 495
Tilskot til frivillige organisasjonar/ Andre kulturaktivitetar	17 152	17 537
Ymse B/U tilskot	3 036	2 602
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling/festivalar	13 895	15 696
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1 500	1 500
Sum brutto driftsutgifter	132 363	138 233
Driftsinntekter	-6 085	-6 085
Sum netto driftsutgifter	126 279	132 148
Netto driftsutgifter 2023-kr	130 193	132 8

*Stønad etter vedtak vart redusert med 310 000 kr frå 5 610 000 kr til 5 300 000 kr.

KUP vart redusert med 50 000 kr frå 7 200 000 til 7 150 000 kr.

Prioriteringar

Driftstilskot til kunst- og kulturverksemder

Det er lagt opp til om lag 3% prisauke til mottakarar av driftstilskot. Auke i driftstilskot utover 3% er kommentert under dei enkelte budsjettkapitla.

Tilskotsordningar som vert lyst ut til prosjekt og tiltak, er haldne på same nivå som i 2022.

Det er ikkje funne rom for å ta inn nye søkjarar om driftsstøtte i budsjettet. Unnataket er fem aktørar som ikkje fekk tilskot i budsjettet for 2022. Tre av desse fekk medhald i klage på driftstilskot i 2022, og to sa frå seg tilskotet i 2022 grunna manglande aktivitet under pandemien. Fordelt med 220 000 kr på posten Kunststusjonar og 350 000 kr på posten Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling. Endringa gjeld Trykkeriet, Lydgalleriet, Balejazz, Bergen Fringe Festival og Vevringutstillinga.

Kunstformidling

Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Cinematket	105 000	109 000
Det Akademiske kvarter	150 000	
Kulturhuset Østre	106 000	110 000
Litteraturhuset i Bergen	889 400	1 889 400
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	1 077 120	1 110 000
Bergens kunsthall/Bergen kunstforening	438 600	453 000
Kraft Bergen AS	100 000	103 000

Kunstgarasjen	100 000	103 000
Stiftelsen kulturhuset USF	120 000	125 000
Visningsrommet USF	52 000	55 000

Kunstformidling

BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS-ROSENKRONESKE STIFTELSE	100 000	103 000
Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, turnétilskot Sogn og Fjordane	100 000	103 000
Jakob Sande-selskapet	459 000	474 000
Rom for ord	300 000	350 000
Vestlandsutstillinga	306 000	316 000
VEVRINGUTSTILLINGA		100 000

FESTIVALAR

Festival, musikk

*Balejazz	0	203 000
Bergen Kirkeautunnale	92 000	96 000
Bergen Music Fest	100 000	103 000
Borealis-festivalen	222 000	230 000
Ekko-festivalen (Foreningen Ekko)	100 000	103 000
Fartein Valen-arbeidet / Fartein Valen – festivalen (Sveio kommune)	306 000	316 000
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	3 481 000	3 586 000
Gloppen musikkfest	306 000	316 000
Hardanger Musikkfest	367 000	379 000
Hardingtonar	90 000	94 000
Nattjazz	225 000	233 000
Norsk Countrytreff	748 000	771 000
Malakoff rockfestival	100 000	103 000
Grieg in Bergen (Musica Nord)	162 000	200 000
Osafestivalen	150 000	220 000
Rosendal kammermusikkfestival (Den Weis-Rosenkronske Stiftelse/Baroniet i Rosendal)	300 000	309 000
Vill Vill Vest	90 000	94 000
Vossa jazz	400 000	412 000

Festival, Scenekunst, Litteratur, visuell kunst og film

Barneteaterfestivalen på Stord/Falturiltu (STORD KOMMUNE)	400 000	412 000
Bergen Assembly/Bergenstriennalen AS	300 000	309 000
Bergen Fringe Festival(NO Fringe Festival AS)	100 000	103 000
Bergen internasjonale litteraturfestival	204 000	211 000
Bergen internasjonale filmfestival	359 000	371 000
Litteratursymposiet i Odda (Ullensvang kommune)	220 000	234 000
Nynorske litteraturdagar	75 000	78 000
*Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus	200 000	210 000

Teaterfestivalen i Fjaler	410 000	423 000
Ulvik Poesifestival (Nynorsk kultursentrum/Olav H. Haugesenteret)	81 000	84 000
Brutto driftsutgifter Kunstformidling	13 791 120	15 696 400

***Endring KULII 19.01.23** – Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus lagt inn varig med 210 000 kr. Fekk i 2022 eit eingongstilskot på 200 000 kr. Balejazz fekk auke på 50 000 kr frå 153 000 til 203 000 kr.

Studentkulturhuset Det Akademiske kvarter si driftsstøtte vert kutta i 2023. Kulturhuset har sitt geografiske nedslagsfelt i hovudsak i Bergen, og har dermed ikkje tilstrekkeleg sterk regional verdi, i høve retningslinjene i tilskotsordninga.

Litteraturhuset i Bergen har utfordringar med driftskostnadene etter bortfall av inntekter frå det private og den statlege gåveforsterkningsordninga. Budsjettvedtak i fylkestinget inneber ei auke på 1 million til drift.

Rom for ord er eit godt tiltak for litteraturformidling utanfor Bergen, og det vert lagt inn ei auke for at dei skal ta i vare same ansvar i heile fylket.

Det er ikkje funne rom til å styrke festivalane, med unntak av Osafestivalen og Musica Nord/Grieg in Bergen. Osafestivalen er ei samfinansiering med Voss herad og Kulturrådet, og har dei siste åra teke ei utvida og sterk rolle for folkemusikkfeltet i fylket. Festivalen får ei auke for å kunne ivareta denne dette vidare. Musica Nord/Grieg in Bergen har gjennom fleire år hatt prosjektstøtte i samarbeid med andre arrangørar utanfor Bergen. Dei har også fått auka utgifter knytt til naudsynt bytte av konsertlokale. Drifta vert styrka.

Balejazz har fått fylkeskommunal støtte gjennom fleire år. I 2022, var søknad trekt då det ikkje vart arrangert festival. Dei er no lagt inn igjen med same sum som i 2021.

Kunstproduksjon

Kunstinstitusjonar

Musikk og scenekunst	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Bergen Nasjonale Opera	4 861 071	6 661 071
Carte Blanche	6 519 643	6 713 000
Det Vestnorske Teateret	9 567 000	9 567 000
Edvard Grieg Kor	550 000	568 000
Festspillene i Bergen (inkl. Festspillsatelittar)	5 250 000	5 408 000
Opera Nordfjord	1 795 000	1 795 000
Teater Vestland	7 373 571	7 483 393
Bergen internasjonale teater (inkl Oktoberdans / Meteor)	828 000	854 000
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	844 000	870 000

Drift av lokale til kunstproduksjon

*TEATERDRIFT BERGEN AS / Cornerteateret	900 000	1 080 000
Aldea AS	120 000	125 000
Ambrosiahuset gjesteatelier (Bymuseet i Bergen)	62 000	75 000
Bakom	500 000	0
Bergen senter for elektronisk kunst	150 000	155 000
History Disposal Unit – Kunsthuset Wrap	100 000	103 000
Hordaland kunstsenter	4 247 000	4 550 809
Hordaland kunstsenter – Internasjonalt Gjesteatelier	240 000	248 000
Kunsthall 3,14 (Stiftelsen 3,14)	1 710 000	1 761 000

Kunstnarhuset Messen	200 000	206 000
Kunstnerverksteder CS55	52 000	55 000
Preform	255 000	264 000
S12 Galleri og verksted AS	100 000	103 000
Trykkeriet	120 000	123 000
Lydgalleriet	100 000	103 000

Nettverksorganisasjonar og kompetansesentra for prof. kunst

Brak	500 000	515 000
Bergen dansesenter	410 000	500 000
Hardingpuls	100 000	140 000
Norsk Forfattersentrum Vestlandet	80 000	83 000
Proscen	255 000	264 000
Vestnorsk filmsenter	1 605 000	1 654 000
VESTNORSK FILMSENTER AS - BAKOM	0	515 000
Vestnorsk jazzsenter	1 567 000	1 615 000
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	200 000	206 000
Tekstalliansen	150 000	156 000

Stipend og prisar

Vossa jazz-prisen	50 000	50 000
Stipend	1 038 000	1 170 000
Brutto driftsutgifter Kunstproduksjon	52 399 285	55 739 273

*KULII 19.01.23 - TEATERDRIFT BERGEN AS / Cornerteateret styrka med 100 000 kr.

Musikk og scenekunst

For fem av institusjonane er det avtalt fordeling av driftsstøtta mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Storleiken på driftsstøtta følgjer av budsjettvedtak i Stortinget, såkalla "romartalsvedtak". Dette gjeld Opera Nordfjord, Bergen Nasjonale opera, Teater Vestland, Det Vestnorske teateret og Carte Blanche

Statsbudsjettet legg til grunn om lag 3% auke i driftstilskotet for desse. I fylkesbudsjettet for 2023 vert Carte Blanche styrka med 3%. Når det gjeld Teater Vestland og Det Vestnorske teateret ligg VLFK allereie over sin avtalefesta del. Teater Vestland får i tillegg ei styrking av drifta på kr 670.000 i 2023 som følgje av innflyttinga i Nynorskhuset. Denne auken er finansiert av fondsavsetjingar

Bergen Nasjonale Opera fekk ei eittårig løyving på 1,8 mill. kr gjennom budsjettvedtak i fylkestinget. Vestland fylkeskommune ligg også her over sin avtalefesta del. Opera Nordfjord er ikkje auka grunna overføring av prosjektilskot til anna post.

Teaterdrift Bergen As/Cornerteateret er viktig for ulike teaterorganisasjonar og scenekunstnarane i det frie feltet. Dei har gjennom fleire år hatt trong økonomi, og står no i ein særleg kritisk økonomisk situasjon. Det er lagt opp til auka driftsstøtte.

Hordaland Kunstsenter er fylkeskommunen si hovudsatsing på det visuelle kunstfeltet og er eigd av kunstnarorganisasjonane. Fylkeskommunen er den viktigaste finansieringskjelda. Senteret har vore underfinansiert gjennom fleire år. Det vert gitt ei auke slik at kunstsenteret kan ta i vare sine oppgåver og forpliktingar i høve tilsette og kunstnarar.

Bergen dansesenter er regionalt kompetansesenter for det profesjonelle dansefeltet. Dei har dei siste åra arbeidd målretta for å utvide aktiviteten til å femne heile Vestland. Det har også vore ei statleg satsing på dansefeltet som fylkeskommunen har følgd opp. Det vert løyve noko ekstra utover prisauke for at dei kan oppretthalde det nyleg utvida produksjonsrommet som VLFK har støtta gjennom prosjektmidlar.

Den tverrfaglege kunstnarorganisasjonen Hardingpuls er viktig for kunstnarar og formidling av kunst utanfor byen. Dei har ei svært nøkternt drift og er basert på mykje dugnadsinnsats. D vert lagt opp til ei lita auke utover prisvekst for å gje litt meir økonomisk rom til basisoppgåvene for organisasjonen.

Tilskotet til Ambrosiahuset er ei overføring til Bymuseet for deltaking i tilrettelegging og drift av gjestekunstnar-/kulturarbeidarbustad på Stend. Denne overføringa ligg for lågt i forhold til dei reelle utgiftene, og er difor tilrådd ei lita auke.

Stønad etter vedtak

Under denne posten ligg tilskotsordningane Tilskot til prosjekt og tiltak – for frivillig og profesjonelt kulturliv. Det er ikkje tilrådd å prioritere auke i desse postane då budsjettet er trengt.

Tilskotet til 750-års jubileum for Magnus Lagabøte si landslov følgjer av særleg løyving i fylkestinget, og er lagt inn under denne posten som difor har fått ei monaleg auke.

Tilskot til frivillige organisasjonar /Andre kulturaktivitetar

Paraplyorganisasjonar, fylkesledd ol.	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Folkeakademiet i Hordaland	440 000	270 000
Folkeakademiet i Sogn og Fjordane	90 000	95 000
Hordaland folkemusikklag	70 000	73 000
Hordaland husflidslag	388 000	400 000
Hordaland ungdomslag	30 000	31 479
Norges husflidslag, husflidskonsulent (kompetanseorganisasjon)	173 000	179 000
Norges Korforbund Hordaland	200 000	208 000
Norges Korforbund Sogn og Fjordane	60 000	65 000
Norges Musikkorps forbund Hordaland	500 000	515 000
Norges Musikkorps forbund Nordvest	235 000	245 000
Sogn og Fjordane folkemusikklag	306 000	316 000
Sogn og Fjordane husflidslag	163 000	170 000
Sogn og Fjordane ungdomslag	224 000	260 000
Vestland musikkråd	591 000	610 000
Andre / ymse regionale kulturføremål		
Bømlo Teater (inkl Mostraspelet)	370 000	382 000
Fyllingsdalen Teater	527 000	544 000
Fargespill	1 183 000	1 220 000
Grieg internasjonale Korfestival	100 000	103 000
Hardingfela.no (v. Hardanger og Voss museum)	300 000	459 000
Kinnaspelet	100 000	103 000
Kystkultur No	1 050 000	1 083 000
Orkesteret Fossegrimen	220 000	227 000
Sogn og Fjordane symfoniorkester	102 000	106 000
Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, BFUng	161 000	167 000
Stiftinga Den Norske Bokbyen	340 000	351 000
Vestlandske teatersenter	510 000	530 000
Ymse internasjonalt samarbeid		
Internasjonalt kultursamarbeid	250 000	250 000
Juleprosjekt Orknøyanane, og Edinburgh	180 000	180 000
Opplæring/undervisning ol		
AKKS Bergen	51 000	54 000
Skrivekunstakademiet	3 366 000	3 468 000
Ole Bull akademiet	460 000	325 000

Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	142 000	147 000
Stiftelsen Statsraad Lehmkuhl	3 162 000	3 258 000
Vestnorsk kulturakademi	408 000	421 000
Vaksenopplæringsføremål – tilskotsordning for studieforbund	400 000	412 000
Vaksenopplæringsforbundet VOFO	300 000	310 000
Sum driftsutgifter Andre kulturaktivitetar	17 152 000	17 537 479

Folkeakademiet i Hordaland har søkt om same tilskot som i 2022 for å motivere lokalakademia til meir aktivitet og fleire arrangement. Organisasjonen har 10 lokalakademi, og dermed færre lokale lag enn andre regionale frivillige organisasjonar som det er naturleg å samanlikne med. Fleire av dei regionale organisasjonane har vesentleg lågare driftstilskot enn FA i Hordaland, og avdelingsdirektøren tilrår reduksjon i tilskotet for å kunne prioritere å auka driftstilskot til andre regionale frivillige organisasjonar.

Sogn og Fjordane ungdomslag søker i lag med Hordaland ungdomslag om auka tilskot for å kunne auke arbeidet med å følgje opp lokallaga og spesielt utvikle og ta vidare arbeidet med satsinga på organisasjonseigde kulturbygg i Vestland, Huset i bygda. Det blir tilrådd ei auke i driftstilskotet til Sogn og Fjordane ungdomslag for å kunne vere med å støtte opp om denne satsinga i dei to fylkeslaga.

I 2022 var det løyvd ei ekstratilskot til Ole Bull akademiet, øymerka arbeidet til Hardingfela.no. Ole Bull akademiet har i sin budsjettøknad for 203 bedd om at desse midlane frå 2023 vert direkte løyvd til Hardingfela.no v. Hardanger og Voss Museum. Dette forklarar nedgang på 150 000 kr i løyvinga til Ole Bull akademiet og tilsvarande auke for Hardinfela.no.

Ymse barne- og ungdomsføremål	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar	2 050 000	2 111 500
Dans uten grenser	174 000	179 220
Frivilligåret 2022	811 605	311 605
Sum driftsutgifter	3 035 605	2 602 325

Det er lagt inn auke i tilskotsordninga til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar for å kompensere for generell prisvekst. I samband med Frivilligheitas år 2022 vart det budsjettert med 500 000 kr i ei eiga tilskotsordning, i tillegg til midlar til frivilligpris, frivilligkonferanse og andre tiltak. Tilskotsordninga blir ikkje vidareført, men det er sett av midlar til frivilligpris og frivilligkonferanse i 2023.

Tilskot til kulturhus	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	4 084 631	4 084 631
Grieghallen	3 336 000	3 410 000
Sentralbadet scenekunsthus	5 000 000	5 000 000
Moster Amfi		8 000 000
Sunnhordland museum		2 000 000
Astruptunet, planlegging mm		1 500 000
Griegkvartalet		1 500 000
Holvikejekta verne- og formidlingsbygg,	10 000 000	0
Medfinansiering av Lindehuset	4 000 000	0
Sum driftsutgifter	26 420 631	25 494 631
Sum driftsinntekter	-6 084 631	-6 084 631
Netto driftsutgifter	20 336 000	19 410 000

I denne posten ligg spelemidlar frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg som fylkeskommunen tildeler etter fordeling frå Kultur- og likestillingsdepartementet. 2 mill. kr av

spelemidlane på om lag 6 mill. kr i 2023 blir lagt inn som del av fylkeskommunen sitt bidrag til finansiering av Sentralbadet scenekunsthuss. Resten av spelemidlane blir fordelt i hovudutvalet hausten 2023.

Tilskot til Moster Amfi, Sunnhordland museum, Griegkvartalet og Astruptunet er fordelt av fylkestinget i budsjett 2023, og blir sett i samanheng med ordninga tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, som er lyst ut med årleg søknadsfrist. Søknadene til ordninga i 2022 vart prioritert i hovudutval for kultur, idrett og inkludering i møte 14. september, sak 106/2022.

Stab – administrasjon kultur og folkehelse

Stab	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. stab		8 077
Kulturkonferansen		0
Kunskapsproduksjon		0
Brutto driftsutgifter		8 077
Driftsinntekter		-
Sum netto driftsutgifter		8 783
Sum netto driftsutgifter i 2023-kr		8 335

Kommentarar til tabellen

Prioriteringar

Avdelinga har trainee i tida august 2022 – juli 2023. Det er lagt inn lønsmidlar til finansiering for eit ½ år i 2023-budsjettet. I tillegg er det oppretta eigen post for den årlege kulturkonferansen som tidlegare år har blitt dekkja gjennom den interne drifta.

Kulturkonferansen låg tidlegare under administrasjon stab, men avdelingsdirektør finn det mest rett at den ligg som eigen post, då dette er ei teneste utført i sektoren.
Kunskapsproduksjon gjeld arbeid med statistikk og planarbeid i sektoren.

Oppgåver og tenesteproduksjon

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjeld oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Innsparing:

Reduksjon i driftsutgifter med kr 79 874.

Verknadar:

Reduksjonen medfører at midlar til reising og høve til kontakt med brukarane kan bli svekka.

3. Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Avdeling for kultur og folkehelse si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege klimagassutslepp. Avdelinga bidrar likevel til aktivitet som er viktig for å kutte klimagassutslepp.

Med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, arbeider avdelinga med å identifisere aktivitetar som fører til negative klimaeffektar og setje konkrete mål og tiltak for om mogleg å redusere desse.

På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at

ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Det er ei utstrekt turneverksemd i samband med Den kulturelle skolesekken, og feltarkeologane treng transport til og frå felt. Avdelinga har tatt i bruk og nyttar el-bilar på desse områda.

Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Avdelinga arbeider med å få tilsette til å reise kollektivt om mogleg.

Tabellen nedanfor viser tiltak som avdelinga har vedtatt eller har under planlegging, som kan bidra til reduserte klimagassutslepp-

Namn tiltak/prosjekt	Ansvarleg for gjennomføring (avd.-nivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022-2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:	
				Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)
1. Kutte bruk av fossile transportmiddel	Kultur og folkehelse	Leige el-bil ved bruk av leigebilar	Ingen ekstra kostnad, mogleg innsparing	Ja	Nei

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har i delegeringsreglementet m.a. lagt oppgåve og vedtaksmynde til Hovudutval for kultur, idrett og inkludering å behandle og gjere endringar på løyvingsnivå i sektorbudsjettet innafør totalramma for sektoren.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Særs viktig dokument for økonomiutviklinga i fylkeskommunen
 Klima: Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima
 Folkehelse: Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse
 Regional planstrategi: Utviklingsplan/ regional planstrategi er ein viktig premiss for tiltak i økonomiplanen

Konklusjon

På bakgrunn av vedtak i Fylkestinget 14. desember 2022 «Budsjett 2022 / økonomiplan 2023-26» og vedtatt tilleggstabell, legg avdelingsdirektør fram endeleg forslag til sektorbudsjett for kultur og folkehelse.